

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI. 198



TELEGRAFVERKET

1953 — 1954

Statistique des télégraphes et des téléphones de la Norvège
L'exercice 1953—1954

TELEGRAFSTYRET

OSLO 1955

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI. 198



TELEGRAFVERKET

1953 — 1954

Statistique des télégraphes et des téléphones de la Norvège
L'exercice 1953—1954

TELEGRAFSTYRET
L'ADMINISTRATION DES TÉLÉCOMMUNICATIONS
OSLO 1955

Utkomen før:

For åra 1884—1898, sjå Norges Offisielle Statistikk, rekkje III seinast nr. 318, 1899—1905 IV seinast nr. 129, 1905—1912 V seinast nr. 191, 1912—1919 VI seinast nr. 187, 1919—1925 VII seinast nr. 190, 1925—1931 VIII seinast nr. 184, 1931—1939 IX seinast nr. 190.

Telegrafverket 1939—1940 X nr. 13, 1940—1941 X nr. 46, 1941—1942 X nr. 61, 1942—1943 X nr. 74, 1943—1944 X nr. 94, 1944—1945 X nr. 120, 1945—1946 X nr. 140, 1946—1947 X nr. 184, 1947—1948 XI nr. 4, 1948—1949 XI nr. 37, 1949—1950 XI nr. 61, 1950—1951 XI nr. 93, 1951—1952 XI nr. 136, 1952—1953 XI nr. 159.

Innhald.

	Side		Side
Noregs telekommunikasjonar.		VII. Økonomi	48*
Innleiing	5*	Inntekter og utgifter i bud-	
A. Melding frå Telegrafstyret for bud-		sjettåret	49*
sjettåret 1953—54.		Telegrafverkets kapital	56*
I. Administrasjon	7*	Anleggskapitalen	56*
Organisasjon	7*	Rentepiktig kapital	57*
Ymse administrative tiltak	7*	Anleggsverksemda	58*
II. Personalet	8*	VIII. Samla oversyn over telegraf og	
Løn og arbeidsvilkår	8*	telefon i Noreg	61*
Sysselsette personar	8*	B. Tabellar vedkomande Telegrafverkets	
Undervisningsverksemda	14*	drift 1953—54.	
Ymse sosiale stønader og vel-		Tab. 1 a, b, c, d. Samla økonomisk	
ferdstiltak	15*	driftsoversyn	2
III. Stasjonsbygningar	16*	» 2. Økonomisk oversyn over	
Nye hus og kjøp av grunn ..	16*	abonntanlegga	58
Større vølings- og oppnyings-		» 3. Liner, apparat, trådlengd og	
arbeid	21*	samtaler ved abonn.anlegga	62
IV. Stasjonar, stasjonsutstyr og sam-		» 4a. Geografisk oversyn over tele-	
band	21*	gramtrafikken med utlandet	
Telegraf og telex	22*	(Terminal)	84
Telefon	23*	» 4b. Geografisk oversyn over tele-	
Linesamband	28*	gramtrafikken med utlan-	
Lineruter	28*	det (Transitt)	89
Tråd	28*	» 4c. Telex (abonntfjernskrivar)	
Samband i bruk	30*	trafikken med utlandet	90
Skade på linettet	31*	» 5. Telegramtrafikken med utlan-	
Nye anlegg	31*	det over dei ymse vegane ..	91
V. Radio	33*	» 6a. Telegramtrafikken månadsvis	97
Kystradiostasjonar	34*	» 6b. Telefontrafikken månadsvis	97
Faste radiosamband	35*	» 7a. Telefontrafikken med utlan-	
Radiostasjonane på Svalbard ..	35*	det. Vegar	98
Radiostasjonar som Meteorolo-		» 7b. Telefontrafikken med utlan-	
gisk Institutt driv	36*	det. Land	102
Bakkestasjonar	36*	» 8. Trafikken ved telegraf- og	
Radiostasjonar om bord i skip og		rikstelefonstasjonane	108
fly	37*	» 9a. Trafikken ved kystradiosta-	
Kringkastinga	37*	sjonane	118
VI. Trafikk, takstar og trafikkin-		» 9b. Trafikk ved bakkestasjonane	120
tekter	38*	» 10a, b, c og d. Tenestemennene i	
Telegraf og telex	38*	Telegrafverket	122
Rikstelefon	41*	» 11. Personale og arbeidsytning ved	
Lokaltelefon	44*	stasjonane	132
Telegrafverkets abonntanlegg	44*	» 12. Sjukedagar per tenestemann	
Tilknytingsnetta	46*	ved dei ymse arbeidsgreiner	144
Private telefonselskap	47*	» 13a. Stasjonsutstyr og tilkn. tele-	
VII. Økonomi		fonapparat	146
Inntekter og utgifter i bud-		» 13b. Radioutstyr ved stasjonane .	152
sjettåret		» 13c. Radioutstyr ved bakkesta-	
Telegrafverkets kapital		sjonane	153
Anleggskapitalen		» 14. Trafikk, inntekter og utgifter	
Rentepiktig kapital		fylkesvis	154
Anleggsverksemda		» 15. Trafikken på dei viktigare	
VIII. Samla oversyn over telegraf og		rikstelefonambanda	155
telefon i Noreg		» 16. Oversyn over Telegrafverket	
		frå 1855 til 1953—54	166
		» 17. Statistikk for 1952 for ymse	
		land	168

Table des matières.

	Page		Page
Les télécommunications de la Norvège. Préface.	5*	VII. Gestion financière	48*
A. Rapport du Directeur Général sur l'exercice 1953—54.		Recettes et dépenses	49*
I. Administration	7*	Capitaux engagés	56*
Organisation	7*	Capitaux de premier établissement	56*
Quelques décisions administratives importantes	7*	Capitaux productifs d'intérêts au Trésor public	57*
II. Personnel	8*	Travaux neufs	58*
Rémunération et conditions de travail	8*	VIII. Aperçu sur l'ensemble des réseaux télégraphiques et téléphoniques	61*
Effectif	8*		
L'instruction professionnelle	14*	B. Tableaux relatifs à l'exploitation 1953—54.	
Caisse de secours etc.	15*	Tab. 1 a. b. c. d. Recettes et dépenses d'exploitation	2
III. Bâtiments	16*	» 2. Recettes et dépenses des réseaux d'abonnés	58
Nouvelles constructions et achats de terrains	16*	» 3. Lignes, postes d'abonné etc. des réseaux d'abonnés.	62
Réparations et renouvellements importants	21*	» 4a. Trafic télégraphique avec l'étranger (Trafic terminal)	84
IV. Bureaux, installations et circuits.	21*	» 4b. Trafic télégraphique international de transit	89
Service télégraphique. Telex	22*	» 4c. Trafic telex avec l'étranger	90
Service téléphonique	23*	» 5. Trafic télégraphique avec l'étranger (Voies)	91
Lignes	28*	» 6a. Trafic télégraphique par mois	97
Parcours des lignes	28*	» 6b. Trafic téléphonique par mois	97
Longueur des fils	28*	» 7a. Trafic téléphonique avec l'étranger (Voies)	98
Nombre et nature des circuits en exploitation	30*	» 7b. Trafic téléphonique avec l'étranger (Pays)	102
Avarie dans les réseaux	31*	» 8. Trafic écoulé par les bureaux télégraphiques et téléphoniques	108
Travaux neufs achevés	31*	» 9a. Trafic écoulé par les stations côtières	118
V. Radio	33*	» 9b. Trafic écoulé par les stations aéronautiques	120
Stations côtières	34*	» 10a, b, c, d. Personnel	122
Liaisons radio fixes	35*	» 11. Personnel des bureaux et rendement	132
Stations radioélectriques à Svalbard	35*	» 12. Absence pour cause de maladie	144
Stations appartenant au service météorologique	36*	» 13a. Equipement des bureaux et postes d'abonné	146
Stations aéronautiques	36*	» 13b. Equipement radioélectrique dans les bureaux	152
Stations de navire et d'aéronef	37*	» 13c. Installations radioélectriques des stations aéronautiques	153
Radiodiffusion	37*	» 14. Trafic, recettes et dépenses par département	154
VI. Trafic, taxes et recettes.	38*	» 15. Trafic sur les circuits téléphoniques interurbains	155
Trafic télégraphique Telex	38*	» 16. Développement depuis 1855	166
Trafic téléphonique interurbain	41*	» 17. Tableau récapitulatif des statistiques d'autres pays. Année 1952	168
Réseaux d'abonnés.	44*		
Réseaux de l'Etat	44*		
Abonnés raccordés aux bureaux du réseau interurbain	46*		
Compagnies téléphoniques concessionnaires	47*		

Noregs telekommunikasjonar.

Etter lov frå 29. april 1899 har staten monopol på å byggja og driva telekommunikasjonar. I samsvar med denne lova er bygging og drift av telefon og telegraf administrert av Telegrafstyret som høyrer inn under Samferdselsdepartementet.

Drifta av det ålmenne telegraf- og langlinetelefonnettet ligg under Telegrafstyret. Like eins er det og med storparten av lokaltelefonen. Som eit unnatak blir lokaltelefonen på einskilde stader driven av private selskap som har konsesjon frå Telegrafstyret. Desse selskapa midlar også telegram for ålmenta. Etter avtale midlar også N.S.B. telegram for ålmenta over det telefonnettet som jarnvegen sjølv driv for å tryggja togferdsla.

Telegrafstyret byggjer og driv kystradiostasjonane til å tryggja skipsfarten og midla telefon- og telegramtrafikk med skip i sjøen. Bygging og drift av radioteknisk navigasjonsutstyr for skipsfarten tek fyrvesenet hand om. Fyrvesenet byggjer og driv sjølv mindre radiotelefonstasjonar på fyra.


Til det ålmenne telekommunikasjonsnettet som Telegrafverket driv høyrer også radiostasjonane, unnateki dei radiostasjonane i Ishavet som Meteorologisk Institutt driv av omsyn til vervarslingstenesta.

Radiotenesta om bord i norske skip blir teken hand om av private selskap etter konsesjon frå Telegrafstyret. Det same gjeld også mindre radiostasjonar i land og landmobile stasjonar som berre midlar telegram og telefonsamtaler mellom visse stasjonar som går inn under dei einskilde konsesjonane.

For Luftfartsdirektoratet byggjer og driv Telegrafstyret bakkestasjonane og anna radioteknisk utstyr til trygging av luftferdsla.

Telegrafstyret byggjer og driv alle kringkastarane for Norsk Rikskringkasting.

Telegrafverkets administrative oppbygging.



A. Melding frå Telegrafstyret for budsjettåret 1953—54.

I. Administrasjon

Organisasjon.

Telegrafverkets administrasjon deler seg i tre: sentraladministrasjonen, distriktsadministrasjonen og lokaladministrasjonen. Beinveges under telegrafdirektøren som er den høgste administrative leiaren, høyrer dei fire fagsjefane i Telegrafstyret (sentraladministrasjonen), telefondirektørane for Bergen, Oslo og Stavanger telefonanlegg og 12 distriktsjefar. Dei siste er sjefar for kvar sin distriktsadministrasjon. Under distriktsadministrasjonen høyrer dei einskilde telegrafstyrarane som til regel har fleire stasjonar under seg (ein kontrollkrins). Beinveges under Telegrafstyret ligg likevel telegrafstyrarane ved kringkastingstasjonar og bakkestasjonar, dessutan styrarane ved Svalbard radio og Isfjord radio.

Da budsjettåret enda var det telegrafstyrarar ved

129 vanlege telegraf- og rikstelefonstasjonar

1 forsterkarstasjon

2 sjølvstendige telefonanlegg

14 sjølvstendige radiostasjonar

13 kringkastarar

20 bakkestasjonar

1 radiofyr.

I budsjettåret blei det gjort desse brigde i den administrative oppdelinga:

I samsvar med stortingsvedtak 8. juni 1953 blei anleggs- og driftskontoret i Radfoteknisk avdeling i Telegrafstyret frå 1. juli 1953 delt i to kontor: radioanleggskontoret og radiodriftskontoret. Frå same dag blei det skipa eit nytt kontor i Personalavdelinga i Telegrafstyret — 1. personalkontor — som skal arbeida med personalspørsmål vedkomande stasjonshaldspersonalet.

Frå 1. januar 1954 er Fauske og Rognan kontrollkrinsar slegne saman til ein kontrollkrins med Fauske som kontrollstasjon.

Kontrollstasjonen i Glomfjord blei 10. mai 1954 flytta til Ørnes.

Ymse administrative tiltak.

Stortinget nemnde 23. mars 1954 opp desse som skjønsmenn ved verdsetjing av private telefonanlegg som blir løyste inn etter lov 29. april 1899:

1. Gardbrukar Emil Mona, Snåsa.

2. Høgsterettsadvokat T. Gudde, Trondheim.

3. Direktør Jac. B. Eide, Bergen.

Varamenn:

1. Ingeniør Knut Lorentzen, Bergen.

2. Ingeniør J. C. Nickelsen, Høvik.

Oppnemninga gjeld for tida 1. april 1954—31. mars 1957.

Ved kgl. res. 2. april 1954 ratifiserte Noreg den internasjonale fjernmeldingskonvensjonen som blei underskriven i Buenos Aires 22. desember 1952.

Telegrafstyret har i budsjettåret vori representert ved fleire internasjonale møte.

Til plenarforsamlinga i den internasjonale rådgjevande komitéen for radio (CCIR) i London 3. september—7. oktober 1953 møtte overingeniør N. J. Søberg og avdelingsingeniør P. Mortensen som representantar for Noreg.

I tida 1.—31. oktober 1953 var det møte i fleire studiekommisjonar i den internasjonale rådgjevande komitéen for telefoni (CCIF) i Genève. Avdelingsingeniør Olav Nystog møtte som norsk representant.

På eit møte mellom representantar for Danmark, Finland, Island, Noreg og Sverige i Oslo 16.—18. november 1953 blei det drøfta korleis oppmodinga frå Det nordiske rådet om meir einsarta telefon- og telegramtakstar innan og mellom dei nordiske landa kan gjennomførast i praksis. Frå norsk side møtte trafikksjef Leif Larsen, kontorsjef Andreas Strand og sekretær P. Rabbås.

På eit møte i København 23.—24. november 1953, der fjernvalekspedisjon av telefontrafikk innan dei nordiske landa blei drøfta, møtte frå Noreg overingeniørane E. Jarheim og T. Dovland og sekretær P. Rabbås.

I dagane 11. og 12. februar 1954 blei det i Stockholm haldi møte mellom representantar for Danmark, Finland, Noreg og Sverige der administrasjonane blei samde om kva stode dei skulle ta til oppmodinga frå Det nordiske rådet om meir einsarta telefon- og telegramtakstar. Frå Noreg møtte telegrafdirektør Sv. Rynning-Tønnesen, trafikksjef Leif Larsen og sekretær P. Rabbås.

På møte i Genève 17.—29. mai 1954 i studiekommisjonar i den internasjonale rådgjevande komitéen for telefoni (CCIF) der spørsmål om internasjonal fjernvalekspedisjon av telefontrafikk blei drøfta, møtte avdelingsingeniør O. Nystog og sekretær P. Rabbås som norske representantar.

Overingeniør Chr. Nome, Telegrafstyret, var med på møte i Montreal 9. mars—15. april 1954 i kommunikasjonskomitéen i Den internasjonale sivile luftfartskommisjon (ICAO) der telekommunikasjons- og radionavigasjonsproblem for luftfarten blei drøfta.

II. Personalet.

Løn og arbeidsvilkår.

4. juli 1953 vedtok Stortinget nytt lønsregulativ for stasjonsholdarar og landstelefonistar. Regulativet gjeld frå 1. april 1953.

Med vedtak 13. juli 1953 fastsette Stortinget lønsvilkåra for nokre tenestemenn og skipa to nye lønsklasser — 3b og 4b.

Etter framlegg for Finansdepartementet blei minsteløna for regulære reservefunksjonærar auka til kr. 250,— for månaden. Denne auken gjeld frå 1. juli 1953.

I rundskriv 1. august 1953 gav Statens Pensjonskasse etter framlegg for Sosialdepartementet reglar om overføring av medlemmer mellom Statens Pensjonskasse og Pensjonstrygda for statens arbeidarar.

Med rundskriv 23. oktober 1953 fastsette Telegrafstyret reglar for plasing av handverkarar og fagarbeidarar i lønsklasse 4b. Desse reglane var på førehand godkjende av Finansdepartementet og organisasjonen til arbeidarane (NTTF).

Med rundskriv 3. desember 1953 kunngjorde Telegrafstyret nye reglar for fastsetjing av tevlingsansiennitet. Reglane kom i stand etter drøfting mellom organisasjonane og Telegrafstyret og blei vedtekne på eit møte hos Telegrafdirektøren 7. november 1953.

Etter drøfting med organisasjonane har Finansdepartementet med atterhald om godkjenning av Stortinget, fastsett poenggrenser for plasing av telegrafstyrarane i lønsregulativet.

Reglane for skyss- og kostgodtgjersle for offentlege tenestemenn blei noko brigrda ved kgl. res. 21. mai 1954. Dei nye reglane gjeld frå 1. juli 1954.

Sysselsette personar.

	30. juni 1954				30. juni 1953
	Telegrafverkets egne stasjonar og anlegg	Kringkasterane	Bakkestasjonane	I alt	
Fast tilsette og konstituerte tenestemenn	7854	82	128	8064	7910
Regulativlønnte, ikkje faste	1762	—	96	1858	1793
Tariffilønte i stadig arbeid	2154	—	1	2155	2169
Personale på stasj.haldsregulativet	4027	—	—	4027	3807
Kontrakt- og takstpartlønnt personale ..	310 ¹	—	—	310	546
I alt	16107	82	225	16414	16225

I dette oversynet har ein også teki med faste tenestemenn som var permitterte utan løn da budsjettåret enda.

¹ Av dei 58 med løn frå private tfn.selskap.

Fast tilsette og konstituerte tenestemenn	Kontorpersonale i sentr. og distr.adm.	Kontor- og eksped.personale ved stasjonane	Teknikarar, mon-tørar o. m.	Bod. bejentar o. m.	Til saman	
					30. juni 1954	30. juni 1953
Telegrafstyret	322	—	30	15	367	365
Av desse med lønsref. frå NRK	(13)	—	—	(1)	(14)	(16)
Revisjonskontoret	27	—	—	1	28	30
Bygningane	—	—	8	7	15	15
Fjernkabelavdelinga ¹	—	—	59	—	59	52
Hovudlageret ¹	—	—	—	27	27	24
Hovudverkstaden ¹	—	—	51	2	53	54
Impregneringsverket	—	2	35	—	37	37
Sjøkabeltilsynet	—	5	6	—	11	12
Telegrafskulen	—	2	—	—	2	2
Verkslækjarkontoret	—	4	—	—	4	4
Masteanlegga	—	—	3	—	3	3

Fast tilsette og konstituerte tenestemenn	Kontor- personale i sentr. og distr.adm.	Kontor- og eksped. per- sonale ved stasjonane	Teknika- rar, mon- terar o.m.	Bod, betjentar o. m.	Til saman 30. juni 1954	30. juni 1953
	Telegrafmessia, Oslo	—	1	6	1	8
Distriktstyra	114	—	149	1	264	252
Telegraf- og rikstfn.stasj.	—	24576	1984	3416	6976	6836
Kringkastinga	—	51	27	4	82	87
Bakkestasjonane	—	114	14	—	128	129
	463	4755	2372	474	8064	7910
Av desse permitterte utan løn	13	177	11	4	205	237
<i>Fast tilsette og konstituerte tenestemenn i teneste</i>	<i>450</i>	<i>4578</i>	<i>2361</i>	<i>470</i>	<i>7859</i>	<i>7673</i>
Løyvde postar					8867	8714
Av desse ledige					803	804

¹⁾ Kontorpersonalet rekna med under Telegrafstyret. ²⁾ Av desse gjorde 5 mellombels teneste ved distriktstyra og 11 i Telegrafstyret ³⁾ Av desse gjorde 2 bod mellombels teneste i Telegrafstyret.

Regulativlønte, ikkje fast tilsette	Tek- nikar- reservar	Regulære				Irregu- lære reservar	Til saman 30. juni 1954	30. juni 1953
		Eksp- reservar	Radio- reservar	Tgf.- reservar	Tfn.- reservar			
Telegrafstyret	—	—	—	5	5	—	10	4
—»— (mellombels ing.)	—	—	—	—	—	—	3	—
Revisjonskontoret	—	—	—	—	—	—	—	—
Distriktstyra	—	—	—	3	5	—	8	10
Telegraf- og rikstelefonstasjonane	18	51	35	159	1057	421	1741	1644
—»— (mellombels tekn. o. m.)	—	—	—	—	—	—	33	53
Kringkastarane	—	—	—	—	—	—	—	—
Bakkestasjonane (mellombels tils. funksjonærar)	—	—	—	—	—	—	186	71
Bakkestasjonane (mellombels tilsette teknikarar	—	—	—	—	—	—	10	11
<i>Regulativlønte, ikkje faste, i alt</i>	<i>18</i>	<i>51</i>	<i>35</i>	<i>167</i>	<i>1067</i>	<i>421</i>	<i>1891</i>	<i>1793</i>

¹⁾ 21 ferievikarar rekna med.

Tariffølonte i stadig arbeid	30/6 1954	30/6 1953
Ikkje faste bod	464	480
Dagarbeidarar o. m. ved stasjonane	508	511
—»— Fjernkabelavdelinga	21	96
—»— lineanlegga	709	608
—»— masteanlegga	8	5
—»— Impregneringsverket	16	15
—»— Hovudverkstaden	30	35
—»— Hovudlageret	10	20
—»— på kabelskip og distriktskøyter	25	35
Reingjeringskvinner (med arbeid jamt over 21,5 timar i veka)	364	364
I alt	2155	2169

Dessutan hadde Telegrafverket i alt 168 lineoppsynsmenn, 46 av desse hadde også anna arbeid i Telegrafverket som stasjonshaldarar, telegrafbod eller telefonarbeidarar. Oppsynsmennene har som regel ei mindre fast godtgjersle for året og elles timeløn fastsett av Telegrafstyret.

Personale på stasjonshaldsregulativ o.m.	30/6 1954	30/6 1953
På sentralar: Stasjonshaldarar som er offentlege tenestemenn.....	903	824
Stasjonshaldarar som ikkje er offentlege tenestemenn ..	1507	1466
Landstelefonistar.....	311	265
Landstelefonistreservar	211	195
Hjelpebetjening lønt av stasjonshaldarar.....	1089	1057
Rikstalestasj.: Betjening i alt.....	6	—
I alt på stasjonshaldsregulativet	4027	3807
Kontrakt- og takstpartlönt personale	252	546
Med løn frå private telefonselskap	58	
I alt	4337	4353
Av desse: Personar med telefoneneste som hovudyrke	2302	2327
—»— —»— attåtyrke.....	2035	2026

Det er her ikkje rekna med personale ved 453 riks- og radiorikstalestasjonar.

Talet på kvinner og menn var:

	30/6 1954		30/6 1953	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Fast tilsette:				
Kontor- og ekspedisjonspersonale ...	4 235	983	4 250	968
Teknikarar, telefonmontørar o. m. ..	—	2 360	—	2 195
Bodtenestemenn	8	463	10	472
Messebetjening og syersker.....	15	—	15	—
	4 258	3 806	4 275	3 635
Regulativlönt, ikkje faste:				
Reservefunksjonærar	1 616	128	1 514	130
Andre ikkje faste	3	111	4	145
	1 619	239	1 518	275
Tarifflønte:				
Ikkje faste bod.....	192	272	170	310
Dagarbeidarar o. m.	39	1 288	34	1 291
Reingjeringskvinner	364	—	364	—
	595	1 560	568	1 601
Personale på stasjonshaldsregulativet	2 774	1 253	2 640	1 167
Kontrakt- og takstpartlönt personale	170	140	285	261
I alt	9 416	6 998	9 286	6 939

Tenestemenn som er slutta i budsjettåret:

	Dødsfall	Avskil	Til saman
Fast tilsett kontor- og ekspedisjonspersonale	6	280	286
Reservefunksjonærar	—	65	65
Formenn, teknikarar, telefonmontørar o. fl.	11	37	48
Bodtenestemenn	4	8	12
Mellombels funksj. ved bakkestasj. og kringkastarar ..	—	3	3
Til saman	21	393	414

Opgåve over personalet delt på distrikt finn ein i tabell 10 a-d.

Vakter av reservefunksjonærar
(hjelpe- og vikarteneste):

	Budsjettåret	Budsjettåret
	1953—54	1952—53
Telegrafstyret	7 834	5 876
Revisjonskontoret	—	157
Distriktstyra	3 669	5 508
Stasjonane	405 710	417 808
Til saman	417 213	429 349

Kontor- og ekspedisjonspersonale (med vanleg regulativløn) i stadig teneste delt på dei ymse arbeidsgreinene:

	30/6 1954	30/6 1953	Auke i budsj.året
Telegrafstyret	334	333	1
Telegrafskulen og verkslækjarkontoret	7	7	—
Impregneringsverket og sjøkabeltilsynet	7	8	÷ 1
Revisjonskontoret	27	28	÷ 1
Distriktstyra	127	121	6
Kringkastingstasjonane	52	56	÷ 4
Telegrafmessa	1	1	—
¹⁾ Stasjonane: Styrar- og kassekontor	1 267	1 216	51
Telegrafekspedisjon, line	743	755	÷ 12
Telegrafekspedisjon, radio	106	104	2
Rikstelefonekspedisjon	2 105	2 032	73
Telefonekspedisjon, radio	31	29	2
Abonmenttelefonekspedisjon	679	678	1
Vikarteneste for vekefridag	212	213	÷ 1
Til saman	5 698	5 581	117

Bodpersonalet.

Telegrafstyret	24	23	1
Revisjonskontoret	1	1	—
Distriktstyra	7	8	÷ 1
Kringkastinga	4	4	—
Husa til Telegrafverket, Hovudlageret, Hovudverk- staden, Fjernkabelavd., Messa i Oslo	37	34	3
²⁾ Stasjonane: Ombering	366	360	6
Innkrevjing	321	323	÷ 2
Anna arbeid	130	127	3
Til saman	890	880	10

¹⁾ Oppgåve over personalet ved dei einskilde stasjonane finn ein i tabell 11.

Sjukdomsforfall.

Denne oppgåve for personalet ved dei ymse arbeidsgreinene er utarbeidd etter personaloppgåvene frå stasjonar med regulativlønnt personale. Berre dei funksjonærane som har rett til sjukepermisjon med løn, og dei sjukedagane som Telegrafverket har gjevi full løn for (sjukepermisjon med fri vikar eller utan vikar) er rekna med. Oppgåve over sjukedagane jamt over per funksjonær ved dei einskilde stasjonane står i tabell 11. Tabell 12 gjev oversyn over sjukdomsforfall i arbeidsgruppene i dei einskilde telegrafdistrikta.

	Jamt over for 1953—54				1952—53	
	Funksjonærar i gruppa		Sjukedagar per funksjonær		Sjukedagar per funksjonær	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kontorarbeid	1055	718	18,4	7,9	17,6	8,4
Kontorarbeid og eksp.arbeid skiftevis .	62	5	13,3	1,4	10,7	1,3
Telegrafekspedisjon	629	121	20,4	11,5	20,9	6,6
Radioekspedisjon	28	96	30,8	12,7	14,3	9,4
Telegraf- og telefonekspedisjon skiftevis	105	5	15,6	1,6	12,9	2,0
Rikstelefonekspedisjon	1843	4	23,7	6,9	26,4	8,6
Rikstelefon- og abonnenttelefonekspe- disjon skiftevis	897	7	16,3	12,7	15,1	4,6
Abonmenttelefonekspedisjon	332	1	23,9	—	23,6	—
Arbeidsgreinene under eitt	4951	957	20,6	8,8	21,1	8,1

Talet på sjukedagar i budsjettåret jamt over per tenestemann:

	1950—51	1951—52	1952—53	1953—54
Funksjonærar, kvinner	22,2	21,9	21,1	20,6
—»— menn	7,4	7,5	8,1	8,8
Alle funksjonærar under eitt	20,1	19,7	19,0	18,7
Teknikarar, montørar o. m., kvinner	29,7	28,4	25,5	18,9
—»— menn	14,7	14,2	15,0	15,5
Bodtenestemenn, kvinner	9,0	10,8	11,0	13,8
—»— menn	14,9	13,4	15,3	13,9

Nye postar o.m.

Desse nye postane er skipa:
1952—53

1 direktørpost ved Stavanger tfa.	1 konstruktørpost II.
1 overingeniørpost II.	3 teknikarsjefpostar.
1 avdelingsingeniørpost I.	4 telefonkontrollørpostar.
1 kontorsjefpost ved Stavanger tfa.	1 radiokontrollørpost.
1 telegrafstyrarpost I.	1 arbeidstyrarpost.
1 — II.	17 teknkarformannpostar.
3 fyrsteseekretærpostar.	27 teknkarpostar I.
1 ingeniørpost I.	4 — II.
3 sekretærpostar II.	2 — III.
1 bibliotekarpost I.	3 teiknarpostar.
1 avdelingsjefpost III.	1 førar av distriktsfarty.
3 kasserarpostar IV.	2 maskinistpostar.
10 fullmektigpostar I.	3 instrumentmakarpostar.
16 — II.	28 telefonformannpostar.
17 — III.	18 telefonunderformannpostar.
1 fullmektigpost III ved tfn. eksp.	2 lagerunderformannpostar.
16 telegrafekspeditørpostar.	1 telegrafunderformannpost.
8 telefonekspeditørpostar.	1 vaktmeisterpost.
1 sjukegymnastpost I.	106 telefonmontørpostar.
3 kontorfullmektigpostar II.	5 telegrafbetjentpostar.
2 kontorassistentpostar I.	9 telegrafbodpostar I.
34 telegrafassistentpostar.	22 — II.
88 telefonassistentpostar I.	1 fyrstekokke ved telegrafmessa i Oslo.
7 — II.	1 kjøkkenassistentpost.
2 driftsassistentpostar.	3 syersker ved Hovudverkstaden.
1 konstruktørpost I.	

1953—54

2 kontorsjefpostar i Telegrafstyret.	6 teknkarformannpostar.
2 avdelingsingeniørpostar I.	16 teknkarpostar I.
2 ingeniørpostar I.	7 — II.
1 telegrafkasserarpost II.	4 teiknarpostar I.
1 — III.	1 verkstadformannpost.
3 sekretærpostar II.	1 formannpost ved Impr.verket.
2 fullmektigpostar I.	1 underformann ved Impr.verket
9 — II.	12 telefonformannpostar.
3 — III.	12 telefonunderformannpostar.
2 — III v/tfn.eksp.	2 instrumentmakarpostar.
1 telegrafekspeditørpost.	1 maskinistpost II.
11 telegrafassistentpostar.	5 telegrafunderformannpostar.
12 telefonassistentpostar I.	122 telefonmontørpostar.
6 kontorassistentpostar II.	4 telegrafbetjentpostar.
6 driftsassistentpostar.	6 telegrafbodpostar I.
3 telefonkontrollørpostar.	7 telegrafbodpostar II.
1 arbeidstyrarpost.	

Ved kringkastarane og bakkestasjonane:

1952—53

1 radiokontrollørpost (KK).
1 telegrafstyrarpost lønssl. 6.
6 sikringstelegrafistpostar.

1953—54

6 sikringstelegrafistpostar.

Desse postane er gått opp i høgre klasse:
1952—53

2 avd.ing.postar I til overingeniørpostar II.	
4 telegrafstyrarpostar A til telegrafstyrarpostar lønnsklasse 19	
2 — A	18.
3 — B	17.
11 — B	15.
2 — C	15.
18 — C	13.

19	telegrafstyrarpostar	I	til	telegrafstyrarpostar	lønsk. klasse	13.
28	—	II	—	—	—	11.
2	—	III	—	—	—	11.
2	—	IV	—	—	—	9.
1	—	V	—	—	—	7.
2	kasserarpostar	I	til	kasserar	i serklasse.	
4	avdelingsjefpostar	II	til	avdelingsjefpostar	I.	
18	—	III	—	—	II.	
2	—	III	ved tfn.eksp.	til avd. sjefpostar	II ved tfn.eksp.	
2	fullmektigpostar	I	til	avdelingsjefpostar	II.	
36	—	I	—	—	III.	
4	—	I	ved tfn.eksp.	til avd. sjefpostar	III ved tfn.eksp.	
1	teknikarsjefpost	I	til	avdelingsjefpost	III.	
14	fullmektigpostar	II	til	fullmektigpostar	I.	
3	—	III	—	—	II.	
275	telegrafekspeditørpostar	til	fullmektigpostar	III.		
28	telefonekspeditørpostar	—	—	—	III ved tfn.eksp.	
200	telefonassistentpostar	I	til	telefonekspeditørpostar.		
32	teknikarformannpostar	til	teknikarformann	i serklasse.		
1	formannpost	ved Impregneringsverket	til	formann i serklasse	ved Impregneringsverket	
43	telefonformannpostar	til	telefonformann	i serklasse.		
5	telegrafformannpostar	til	telegrafformann	i serklasse.		
3	maskinistpostar	til	maskinistpostar	I.		

1953—54

1	telegrafstyrarpost	lønsk. 13	til	telegrafstyrarpost	lønsk. 17.
1	—	13	—	—	15.
2	avdelingsjefpostar	III	til	avdelingsjefpostar	II.
1	fullmektigpost	I	til	avdelingsjefpost	III.
2	fullmektigpostar	III	til	fullmektigpostar	II.
2	teknikarformannpostar	til	teknikarformann	i serklasse.	
2	telefonformannpostar	til	telefonformann	i serklasse.	

Ved kringkastarane og bakkestasjonane:

1952—53

5	telegrafstyrarpostar	II (KK)	til	telegrafstyrarpostar	lønsk. 11.
5	—	II	—	—	11.

Postar som er skipa om:

1952—53

5	telegrafstyrarpostar	A	til	telegrafstyrarpostar	lønsk. klasse	17.
7	—	B	—	—	—	13.
31	—	I	—	—	—	11.
1	—	I	til	avdelingsjefpostar	II.	
2	—	II	—	—	II.	
9	—	III	-	telegrafstyrarpostar	lønsk. 9.	
1	—	III	-	fullmektigpost	I.	
1	—	III	-	telefonstyrarpost	I.	
2	—	V	-	telegrafstyrarpostar	lønsk. 6.	
2	telefonekspeditørpostar	-	telefonassistentpostar	I.		
1	telefonassistentpost	I	-	telegrafassistentpost.		
1	—	II	—	—	—	
12	maskinistpostar	til	maskinistpostar	II.		
1	maskinistpost	til	vakt- og varmemester.			

1953—54

1	avdelingsingeniørpost	I	til	avdelingsingeniørpost	II.
4	fullmektigpostar	III	-	fullmektigpostar	II.
3	fullmektigpostar	III v/tn.eksp.	-	telefonekspeditørpostar.	
13	telegrafekspeditørpostar	-	fullmektigpostar	III.	
1	telefonstyrarpost	II	-	telegrafekspeditørpost.	
1	telegrafassistentpost	-	telefonassistentpost	II.	
4	telefonassistentpostar	I	-	telegrafassistentpostar.	
31	telefonassistentpostar	II	-	telefonassistentpostar	I.
1	kontorassistentpost	II	-	telegrafassistentpost.	
2	maskinistpostar	-	maskinist	II.	

Postar som er inndregne:

1952—53		1952—53	
3	ingeniørpostar I.	16	teknikarpostar I.
1	telegrafstyrarpost III.	2	— II.
1	fullmektigpost I.	6	telefonformannpostar.
11	fullmektigpostar II.	1	formannpost ved Impr.verket.
11	— III.	1	instrumentmakarpost.
1	fullmektigpost III ved tfn.eksp.	3	telefonunderformannpostar.
1	telefonstyrarpost II.	1	maskinistpost.
18	telegrafassistentpostar.	20	telefonmontørpostar.
33	telefonassistentpostar I.	7	telegrafbetjentpostar.
5	— II.	3	impregneringsarbeidarpostar.
3	kontorassistentpostar II.	8	telegrafbodpostar I.
1	konstruktørpost II.	16	— II.
3	teknikarformannpostar.		

1953—54

1	fyrsteseekretærpost.	1	verkstadformannpost.
2	ingeniørpostar I.	6	telefonformannpostar.
4	fullmektigpostar II.	2	teknikarpostar II.
11	— III.	2	instrumentmakarpostar.
1	telefonstyrarpost I.	1	verkstadunderformannpost.
9	telegrafassistentpostar.	3	telefonunderformannpostar.
21	telefonassistentpostar I.	4	telefonmontørpostar.
4	telefonassistentpostar II.	7	telegrafbetjentpostar.
3	kontorfullmektigpostar II.	1	telegrafbodpost I.
1	driftsassistentpost.	21	telegrafbodpostar II.
9	teknikarpostar I.		

Ved kringkastarana og bakkestasjonane:

1952—53		1953—54	
2	telegrafstyrarpostar i lønsklasse 6.	1	telegrafstyrarpost i lønsklasse 6.
1	fullmektigpost III.	2	fullmektigpostar III (KK).
12	sikringstelegrafistpostar.	1	fullmektigpost III.
1	teknikarpost I.	10	sikringstelegrafistpostar.
1	— III.	2	teknikarpostar III.
1	— III (KK).	1	teknikarpost III (KK).
1	fjernsrikvarbetjent		

Desse postane er gått ned i klasse i 1952-53:

- 1 telegrafstyrarpost C til telegrafstyrarpost lønsklasse 11.
- 1 telegrafstyrarpost II til telegrafstyrarpost lønsklasse 9.
- 1 fullmektigpost I til fullmektigpost II.

Undervisningsverksemda.

I budsjettåret 1953—54 er desse kursa fullførde:

	Kurs	Elevar
Høgre kurs	1	32
Telegrafkurs	3	96
Automatteknikarkurs	1	22
Montørkurs	4	69
Telefonkurs i Oslo distrikt	2	44
— Østfold »	1	21
— Oppland »	1	14
— Drammen »	1	30
— Agder »	1	16
— Rogaland »	1	18
— Bjørgvin »	1	25
— Møre »	1	15
— Trøndelag »	1	18
— Nordland »	1	15
— Troms »	1	24
— Finnmark »	1	12

Ved Telegrafskulen i Oslo blei det haldi eit perfeksjonskurs for rikstelefonfunksjonærar. Kurset varde i 4 veker og hadde 36 elevar.

Ved Telegrafskulen blei det også haldi eit perfeksjonskurs for tenestemenn i sikringstenesta. Kurset varde i 7 veker og hadde 12 elevar.

Da budsjettåret enda, var det i gang eit høgre kurs med 31 elevar.

Språkkurs.

Det blei i budsjettåret haldi eit franskkurs for tenestemenn i Telegrafstyret og 8 franskkurs for tenestemenn ved rikstelefonen og telegramekspedisjonen i Oslo.

Ymse sosiale stønader og velferdstiltak.

Hjelpfondet for tenestemennene i Telegrafverket blei skipa ved kgl. res. 14. januar 1873. Det heitte opphavleg «Tilleggspensjonsfondet for Rikstelegrafens Bestillingsmenn». Statuttar for Hjelpfondet finn ein i Instruksjonar for tenesta i Telegrafverket, band III.

Rekneskap for kalenderåret 1953:
Vinnings- og tapskonto.

Inntekter:			
Renter frå låntakarar		28 536,36	
Renter av obligasjonar og bankinnskot		9 587,69	
Andre inntekter, bøter o. m.		2 650,00	
Løyving til pensjonar av «Ymse stønader»:			
Budsjettåret 1952—53	70 000,00		
Del av budsjettåret 1953—54	50 000,00		
		<u>120 000,00</u>	160 774,05
Utgifter:			
Pensjonar		11 928,50	
Sjukehjelp		4 710,00	
Pensjonar av «Ymse stønader»		117 258,83	
Stipend og stønader		2 250,00	
		<u>136 147,33</u>	
Overført til fondskapitalen		24 626,72	160 774,05

Balansekonto:

Eige:			
Pantobligasjonar og gjeldsbrev	1 099 098,10		
Hypotekbankobligasjonar	140 000,00		
Statsobligasjonar	115 000,00		
Småbruk- og Bustadbankobligasjonar	94 000,00		
Bankinnskot	74 588,29		
		<u>1 522 686,39</u>	
Skuld:			
Fondskapitalen per 1/1 1954			<u>1 522 686,39</u>

Det var i 1953 23 pensjonistar som fekk pensjon av Hjelpfondet.

Det blei ytt 15 sjukebidrag og 2 sjukelån. Dei 2 sjukelåna — kr. 1600 — er rentefrie. Hjelpfondet gav 4 realskulestipend — kr. 1120 — og eit anna stipend — kr. 300. Til husbygg og kjøp av husvære blei det gjevi i alt 50 lån på til saman kr. 197 000. I åra har i alt 22 ferieheimar og hytter fått lån eller stønad av fondet. Av pantobligasjonane gjeld kr. 18 525,— feriestader som organisasjonane eig.

Lånekassa til Telegrafverket, også kalla «lånekassa for telegrafelevar», er skipa ved løyving på driftsbudsjettet for budsjettåra 1923—24 til 1926—27 og 1937—38 til 1941—42. Føremålet er å gje billege lån til elevar som gjennomgår det høgre kurset på Telegrafskulen. Statuttar for verksemda til lånekassa finn ein i Instruksjonar for tenesta i Telegrafverket, band III.

Rekneskap for kalenderåret 1953:
Vinnings- og tapskonto

Inntekter:			
Renter frå låntakarar		1 281,33	
Renter av bankinnskot		1 822,72	
		<u>3 104,55</u>	
Utgifter:			
Overført til kapitalen i Lånekassa			<u>3 104,55</u>
Balansekonto:			
Gjeldsbrev frå låntakarar	92 230,05		
Bankinnskot	121 973,57		
		<u>214 203,62</u>	
Skuld:			
Kapital per 1/1 1954			<u>214 203,62</u>

Lånekassa gav i 1953 20 nye lån til elever, til saman 21 650 kroner.

Rekneskaphaldet for Hjelpfondet og Lånekassa har hovudbokhaldaren. Hovudbokhaldaren har også rekneskaphaldet for «Telegraffunksjonærenes understøttelsesinnretning» og «Telegraffunksjonærenes begravelseskasse» som begge er tiltak skipa av tenestemennene sjølve.

Verkslækjarordning

hadde ein på desse stadene da budsjettåret tok til: Bodø, Hamar, Hammerfest, Harstad, Odda Oslo, Porsgrunn, Sandefjord, Sarpsborg, Tromsø, Tønsberg, Ålesund. I Oslo hadde Telegrafverket eigen verkslækjarordning, medan det på dei andre stadene er samarbeid med andre verksemdar. I budsjettåret blei det skipa verkslækjarordning ved stasjonane Høyanger, Hønefoss, Kristiansand, Larvik, Stavanger, Tynset og Uskedalen.

Da budsjettåret enda, femna lækjartilsynet om lag 5400 personar.

Avslappingsøvingar

har ein haldi fram med i Oslo for personalet ved ekspedisjonsavdelingane. Til instruksjon og rettleiing har ein hatt ein sjukegymnast i heil- og ein i halvdagstilling.

Husmorvikar

fekk ein i Oslo frå november månad 1953.

Til ferieheimar

blei det i budsjettåret gjevi kr. 100 000,— som stønad.

Av andre stipend og stønader

kan nemnast løyving til teknisk opplæring for bud og arbeidarar på kr. 50 000, reisestipend for personalet kr. 20 000 og høgskulestipend kr. 10 000.

Andre velferdstiltak.

Det blei i budsjettåret ytt om lag kr. 50 000 som stønad til ymse idrettslag, songkor, tilstelingar for pensjonister, radioapparat til arbeidslag, kunst på arbeidsplassen o.m.

III. Stasjonsbygningar.

Telegrafverket har om lag 60 større og 170 mindre hus. Ein reknar da ikkje med mindre hus for automatiske telefonsentralar, kabelhus o. m.

Oversyn over husa til Telegrafverket finn ein i Stortingsmelding nr. 10 1932 og tillegg i 1937 og 1949, det siste tek med eigedomar og grunn kjøpt før 31. desember 1947.

Anleggskapitalen for hus og grunn var da budsjettåret enda:

	Hus Kr.	Grunn Kr.	I alt Kr.
Oslo telefonanlegg ¹	4 320 728,57	2 328 552,47	6 649 281,04
Bergen telefonanlegg	2 605 641,17	566 144,89	3 171 786,06
Radioanlegga	629 004,04	—	629 004,04
Faste eigedomar elles ¹	44 743 854,41	4 244 894,45	48 988 748,86
Anleggskapital i alt	<u>52 299 228,19</u>	<u>7 139 591,81</u>	<u>59 438 820,00</u>

Kapitalauken var i budsjettåret:

Hus Kr.	Grunn Kr.	I alt Kr.
<u>7 990 048,13</u>	<u>433 334,85</u>	<u>8 423 382,98</u>

Tala femnar også dei eigedomane Telegrafverket overtok med Stavanger og Sandnes telefonanlegg, men ikkje bygningane i Moss og Fredrikstad telefonanlegg.

I budsjettåret hadde Telegrafverket i alt til rådvelde på serskilde konti for husbygging kr. 7 579 738,98. Det blei brukt kr. 5 381 673,36.

Oppnying av hus kosta i alt kr. 1 065 104,10.

Vedlikehald av hus kosta kr. 1 037 905,92, og husleige der Telegrafverket ikkje eig hus kr. 910 885,73.

Nye hus og kjøp av grunn.

Større husbygg som er fullførde i budsjettåret:

Sarpsborg

Arbeidet tok til sumaren 1951. Huset er ført opp i betong og teglstein i 3 høgder med kjellar under. Arealet, 458 m², gjev i fyrste høgda rom til kontor, telegrafekspedisjon og skranke. I andre høgda er det rom til rikstelefonekspedisjon, matsal og eit husvære på 3 rom og kjøkken. I tredje høgda er automatsentralen og eit par kontor. I kjellaren er det verkstadrom, lager, toalett o.m.

Større husbygg under arbeid eller førebuing:

I samband med planlegging av nytt administrasjonshus og ny sentrumsentral kjøpte Telegrafverket Munchsgt. 6. Til dette kjøpet og til anna førebuingarbeid er i budsjettåret brukt kr. 131 190,72.

I budsjettåret tok ein til med oppføring av råbygget til sentral *Nord II (Åsen)*. Dei samla O.T.A utgiftene i budsjettåret var kr. 1 027 444,23.

Kontoen for nytt post- og telegrafhus blei i budsjettåret tyngd kr. 26 354,06.

**Askim
Gjøvik**

Tomta, Øvre Torggt. 26a og 26b på 1444,15 m², kjøpte Telegrafverket i budsjettåret 1944—45 for kr. 60 546,00. Telegrafhuset, 429 m², er ført opp i betong med 3 høgder og 2 kjellarhøgder. Første høgda gjev rom til skranke, telegrafekspedisjon og kontor. I andre høgda held lokaltelefonen til. Der er også rom til automatsentralen, batteri og maskinar og rom til teknikkarane. Tredje høgda har rikstelefonsal, garderobe, matsal og kontor. I kjellaren er det verkstadrom, matsal o. m. og i underkjellaren rom til arkiv, tilfluktsrom o.m. Til utgift på kapitalbudsjettet er det i alt ført kr. 1 820 258,88, medan kr. 48 378,31 blei tyngd driftsbudsjettet (oppnying).

Det gamle trehuset, Grønnegt. 55, som Telegrafverket kjøpte i 1939 for kr. 47 000,—, blei Hamar rivi og på tomta er bygd eit nytt hus, 585 m² i 3 høgder med kjellar under. Det nye huset er bygd saman med det huset Telegrafverket fekk ved innløysinga av Hamar telefonforening, Sverresgt. 31, som er påbygd ei høgda — 162 m². Det nye huset er ført opp i betong og fyrste høgda gjev rom for telegrafekspedisjonen og ymse kontor. I andre høgda er det automatsal, matsal, garderobe, ymse kontor o. m. I den nye tredje høgda er det rom for rikstelefonekspedisjon, forsterkar-sal, kontor og eit husvære. I kjellaren er det lagerrom o.m. På kapitalbudsjettet er det i alt utgiftsført kr. 1 712 468,13 medan kr. 63 628,65 blei teki på driftsbudsjettet (oppnying).

Påbygget *Store Markeveg 1*, blei sett i gang i januar 1954 for å skaffa plass til utviding av automatsentralen og kontora. Da budsjettåret enda, var råbygget ført opp til femte høgda. B.T.A

Kostnadsoverslaget er på kr. 900 000. I budsjettåret 1953—54 er brukt kr. 383 791,20.

**Sunnalsøra
Steinkjer**

Det er kjøpt tomt til nytt telegrafhus. Kontoen blei i budsjettåret tyngd kr. 10 472,—. Kostnadsoverslaget for nytt post- og telegrafhus er på 1 600 000 kr. Arbeidet fell i fleire byggetrinn og tok til i juni 1954 med utgraving av tomta for den delen av huset som skal gi rom til det tekniske utstyret. Utgifta for Telegrafverket var i budsjettåret kr. 34 142,80 medan kr. 1 200,20 blei tyngd vernebuing.

Arbeidet med utviding av telegrafhuset kom ikkje i gang i budsjettåret da den løyvinga Trondheim som ein råde over, var for lita.

Arbeidet med det nye telegrafhuset tok til hausten 1953. Da budsjettåret enda, var råbygget Andenes og innvendig pussarbeid ferdig. Det blei utgiftsført kr. 132 219,75 i budsjettåret, overslaget er på 260 000 kr.

I samband med at kontrollstasjonen skal flytta frå Sjøvegan til Bardu byrja Telegrafverket våren 1954 å byggja hus til den nye stasjonen. Kostnadsoverslaget er på 350 000 kr. Arealet, 1318 m², er bygsla for kr. 50,00 per år. Utgifta i budsjettåret var kr. 87 604,94.

Bardu

Ymse arbeid i samband med førebuing av nytt hus kosta kr. 3950,49.

Harstad rad.

Ymse arbeid i samband med førebuing av nytt hus kosta kr. 4 056,47.

Henningsvær

Sjølve post- og telegrafhuset er no på det næraste ferdig. Utgifta i budsjettåret var kr. 831 638,45, tyngd kapitalbudsjettet og kr. 11 802,50 tyngd driftsbudsjettet (oppnying). Det står no igjen å sprengja ut tomt og byggja garasje og hus for vaktmeisteren.

Narvik

Da budsjettåret enda, var råbygget på det næraste ferdig. Utgifta i budsjettåret var kr. 902 079,08. **Tromsø**

Telegrafhuset er ført opp i betong i 3 høgder med kjellar under. Grunnflata er 480 m² med ei fløy, 96 m², i 2 høgder. Fløya gjev rom til garasje og distriktverkstad. I fyrste høgda er det forsterkarrom, rom til automatsentralen og telegramekspedisjonen. I andre høgda er det rom til rikstelefon, styrarkontor o. m. I tredje høgda er det kontor for distriktstyret og dessutan ein møtesal og eit husvære på 3 rom og kjøkken. Kjellaren, som i alt er på 870 m², gjev rom til lager, arkiv, akkumulatorbatteri o.m. Dei samla utgiftene var på kr. 1 471 387,01. Det er da ikkje rekna med om lag 70 000 kr. som blei utgiftsført på oppnying. **Hammerfest**

Stasjonen har haldi til i ei brakke, men skal no koma over i permanent hus som ein reknar med vil kosta om lag 250 000 kr. Arbeidet tok til tidleg på sumaren 1953 og da budsjettåret enda, var råbygget på det næraste ferdig. Utgifta i budsjettåret var kr. 63 486,43. **Hammerfest radio**

Telegrafhuset reknar ein med vil kosta 900 000 kroner. Ved terminskiftet var støype-arbeidet ferdig. Utgift i budsjettåret var kr. 292 990,95. **Kirkenes**

Arbeidet med hus til den nye kontrollstasjonen tok til hausten 1953. Kostnadsoverslaget er på 350 000 kr. Utgift i budsjettåret var kr. 283 725,04. **Lakselv**

Telegrafhuset er ført opp i betong, 559 m², i 2 høgder med kjellar under. I fyrste høgda er det telefonsal, rikstelefonsal, matsal, verkstad, lager og garasje. I andre høgda er det batterirom, automatsal, teknikkarrom, garderobe, eit husvære på 3 rom og kjøkken til telegrafstyraren og eit anna husvære på eit rom og kjøkken. I kjellaren er det rom til lager, arkiv o. m. **Vadsø**

Tomta, 1120 m², fekk Telegrafverket etter makeskifte.

Dei samla utgiftene var kr. 907 008,09. Det er da ikkje rekna med om lag 44 000 kr. som blei utgiftsført på oppnying.

- O.T.A** Mindre husbygg, tomtekjøp o. m.
Tomt til ny automatsentral *Eiksmarka* blei kjøpt i budsjettåret for kr. 28 679,60. Tomta, g.nr. 34, b.nr. 2 (parsell B93) er 2288 m².
For å få utvida *Stabekk automatsentral* blei det ført opp nytt trappehus. Utgifta var i førre budsjettåret 19 660 kr. og i 1953—54 kr. 11 778,82.
- Ski radio** For å få sett opp nye antenner eksproprieerte Telegrafverket g.nr. 126, b.nr. 1 i Ski herad. Tomta er 35,8 mål og vederlag blei betalt med kr. 59 720,—.
- Kongsvinger Mysen** *Lagerhuset for linemateriell* blei fullført i budsjettåret. Utgifta i 1953—54 var kr. 32 889,—.
Huset for automatsentralen blei ferdigbygd, men vantar måling. Utgifta i budsjettåret var kr. 57 635,27.
- Ski** I budsjettåret hadde ein nokre utgifter for sluttarbeid med huset til automatsentralen — kr. 5 776,15 — og garasjen — kr. 6 049,60.
- Fagernes** Arbeidet med hus til *Aurdal forsterkarstasjon* kom ikkje i gang. Til forebuande arbeid, arkitekthonorar o. m. gjekk det med kr. 10 451,54.
- Hamar** Det blei i budsjettåret kjøpt ei *lagertomt, Martodden*, 1272 m², matr. nr. 2668 i Hamar for kr. 3667,48. Restutgifta for oppføring av hus til *Moelv automatsentral* var kr. 1 834,04 og til *Stange automatsentral* kr. 8 584,04.
- Lillehammer Otta** På *Langes gate 25* blei det i budsjettåret betalt 50 000 kr. i avdrag.
Arbeidet med å føra opp *garasje* tok til i juli 1953. Bygget er ført opp i mur, 76,5 m². Av utgifta, kr. 18 157,56, er noko tyngd anlegg og noko oppnying. Garasjen står på eigedomen til Telegrafverket, g.nr. 220, b.nr. 128 i Sel herad.
- Larvik Arendal** Til sluttarbeid på *Stavern automatsentral* blei det i budsjettåret brukt kr. 3 659,99.
På Solborg blei det kjøpt ei *lagertomt* på om lag 20 mål, g.nr. 44, b.nr. 10 i Øyestad herad for kr. 10 520,00.
- Egersund** Arbeidet med nytt hus for *forsterkarstasjon og automatsentral* blei sett i gang i mars månad 1954. Huset får eit areal på 336 m² i ei høgd med kjellar under. Råbygget var ferdig støypt i betong da budsjettåret enda. Kostnadsoverslaget er på 380 000 kr., utgifta i budsjettåret var kr. 64 975,25. Huset står på ei tomt, Jernbanevegen 5, 2926,37 m², som Telegrafverket kjøpte av Norges Statsbaner for kr. 58 527,40. Tomta er ikkje betalt.
- Sandnes** For *Gaddal automatsentral* blei det i budsjettåret ført opp eit hus på 54,8 m² i betong og tre i ei høgd med kjellar og loft. Utgifta til huset var kr. 50 469,04. Tomta, g.nr. 47, b.nr. 5 i Høyland herad, er på 666 m² og blei kjøpt for 3 175 kr.
- Bergen** Bygging av *funksjonærhus og garasje i Os* tok til i mars månad 1954. Funksjonærhuset er på 161 m² med kjellarhøgd i betong og ei høgd i tre som gjev rom for 2 husvære, kvart på 3 rom og kjøkken. I kjellaren er det kontor og verkstad, bad og 2 hyblar. Garasjen er sett opp i tre i flukt med funksjonærhuset. Da budsjettåret enda, var støypearbeidet ferdig og bindingsverket reist. Utgifta i terminen var kr. 10 138,04. Kostnadsoverslaget er på 155 000 kr. Huset står på g.nr. 63, b.nr. 151 i Os herad, 1562 m², som Telegrafverket kjøpte for kr. 7 810,—.
- Odda** Arbeidet med *Kinsarvik forsterkarstasjon og funksjonærhus* tok til i februar månad 1954. Forsterkarstasjonen er på 114 m², førd opp i betong i ei høgd med kjellar under. Funksjonærhuset er ein trebygning på 101 m² i 2 høgder utan kjellar under. I fyrste høgda er det 2 hybelhusvære med dusjrom, kontor og vaskerom. I andre høgda er det eit husvære på 4 rom og kjøkken. Forutan funksjonærhuset er det også ført opp ein garasje på 35 m² i betong, med tak av tre. I budsjettåret blei det meste av grunnarbeid og støypping gjort. Kostnaden var kr. 64 770,71 — overslaget er i alt på vel 228 000 kroner.
- Uskedalen** Arbeidet med *Mundheim forsterkarstasjon, rikstelefonstasjon og funksjonærhus* tok til i mars månad 1954. Sjølve forsterkarstasjonen er på 63 m² i betong medan rikstelefon- og funksjonærhuset er eit trehus på 90 m², i to høgder med kjellar under. I fyrste høgda skal det bli ekspedisjonsrom, lager og hybelhusvære, i andre høgda familiehuvære på 5 rom og kjøkken. Da budsjettåret enda, var støyppinga ferdig og reisverket oppe.
Utgifta i budsjettåret var kr. 61 703,66. Kostnadsoverslaget er i alt på 157 600 kr. Tomta, 663 m², g.nr. 7, b.nr. 28 i Varaldsøy herad kosta 4575 kr., men var ikkje betalt da budsjettåret enda.
- Voss** Arbeidet med *Granvin forsterkarstasjon, rikstelefonstasjon og funksjonærhus* tok til i desember 1953. Huset skal vera likt det som blir sett opp i Mundheim.
Da budsjettåret enda, var huset på det næraste ferdig. Utgifta var kr. 108 639,98 utan tomt. Kostnadsoverslaget er i alt på om lag 154 000 kr. Tomta, 900 m², g.nr. 123, b.nr. 29 i Granvin herad kosta kr. 6 826,50.
- Måløy** Det blei i budsjettåret utgiftsført kr. 25 700,— for tenestemannshuset. Utgifta kjem av prisauken, men også opparbeiding av veg o. m. Endeleg oppgjer fekk ein heller ikkje i 1953—54.
- Tingvoll** Det blei i budsjettåret kjøpt tomt til *nytt stasjonshus i Sunndalsøra*. Tomta, g.nr. 51, b.nr. 197 i Sunndal herad, er på 3 mål og kosta kr. 12 191,20.
- Volda** *Tenestemannshuset* blei på det næraste bygd ferdig i budsjettåret. Det er sett opp i tre, 1½ høgd. I fyrste høgda er det 2 rom og kjøkken og i andre høgda 3 rom. Utgifta i budsjettåret var kr. 58 530,11. Tomta, g.nr. 19, b.nr. 2 i Volda herad er festa mot ei årsavgift på kr. 193,33.
- Ålesund** Utgift ved sluttoppgjøret for *Nørve automathus* var kr. 13 330,53. Sjå elles statistikken for 1951—52.
- Stjørdal** Rest på kjøpesummen for *telegrafstyrarhus* blei i budsjettåret betalt med kr. 21 252,85.

Arbeidet med hus til *forsterkarstasjonen i Grong* tok til sumaren 1953. Huset er i mur, 1¹/₂ Namsos høgd med kjellar og loft. Arealet 86 m² gjev i fyrste høgda rom til forsterkar og ekspedisjon. Kjellaren er innreidd til verkstad og lager og andre høgda gjev rom til 2 hybelhusvære med sams tekjøkken. I budsjettåret blei det utgiftsført kr. 80 347,76. Overslaget er i alt på om lag 100 000 kr. Tomta, om lag 3 mål, g.nr. 30, b.nr. 17 i Grong herad blei kjøpt i 1946—47 for 3 000 kr.

For å få rom til forsterkarutstyr blei stasjonshuset bygd på 64 m² i betong i ei høgd med kjellar under. Samstundes gjorde ein også ymse ominnreingar. Arbeidet tok til hausten 1953 og var på det næraste ferdig da budsjettåret enda. Utgifta i året var kr. 106 354,41 og kostnads-overslaget i alt var kr. 120 000. Røros

Arbeidet med hus til *Heimdal automatsentral* tok til i juli måned 1953 og blei på det næraste ferdig i budsjettåret. Huset er ført opp i betong, ei høgd på 80,5 m² og med loftkonstruksjon i tre. Utgifta var i budsjettåret kr. 68 204,28. Til dette kjem tomta, 312 m², g.nr. 24, b.nr. 43 i Leinstrand herad, som kosta kr. 1 003,00. Trondheim T. A.

Arbeidet med *tilbygg for forsterkarar* tok til våren 1954. Tilbygget skal først opp i betong, 1 høgd med kjellar under. Arealet er 148 m². Utgifta i budsjettåret var kr. 69 828,80 og samla kostnadsoverslag om lag 170 000 kr. Fauske

Det nye stasjonshuset blei bygd ferdig i budsjettåret. Det er eit trehus, 92,8 m², i to høgder med kjellar under forutan eit utbygg på om lag 11,2 m² i ei høgd. I fyrste høgda er det innreidd 6, og i andre høgda 5 rom. På loftet er det også innreidd 2 rom. Utgifta i budsjettåret var kr. 115 330,72. Ørnes

